



Helsespråket nord og ned?

Ifølge Helse- og sosialombudet i Oslo forstår ikke pasientene sykehusbrevene de mottar. – Brevene er i hvert fall ikke skrevet slik at pasientene oppmuntres til å ta vare på sine rettigheter, sa ombudet til Aftenposten i juni. Og Helsedirektoratet bekrefter at mange har problemer med å forstå brevene fra helseforetakene. Er det virkelig så dårlig stelt? Vi har tatt pulsen på helsespråket.

Helsespråk i vest: kvalitet i alle ledd

Kontorlederne ved de tre barne- og ungdomspsykiatriske poliklinikkene (BUP) i Sandnes, Bryne og Egersund syntes flere av klinikkens standardbrev hadde et litt gammeldags språk og ulogisk struktur, og ønsket seg nye brevmaler. – Det vi skriver til pasienter, pårørende og samarbeidende instanser, skal holde høy kvalitet, sier kontorleder Marit Lauvskar ved BUP Bryne. – Det handler om kvalitet i alle ledd.

Poliklinikkene tilhører Barne- og ungdomspsykiatrisk avdeling ved Helse Stavanger HF. Avdelingen opprettet en gruppe som fikk som mandat å utarbeide forslag til nye brevmaler.

– Først måtte vi rydde i malene, forteller Lauvskar. – Vi hadde mange varianter og fikk luket bort de overflødige. Så laget vi utkast til nye innkallingsbrev og fikk hjelp av Språkrådet med formuleringene. Disse brevene er nå tatt i bruk.

– Vi har også utarbeidet forslag til forbedring av andre typer brev og vedlegg til dem, forteller Lauvskar videre. – Disse tekstene har avdelingen nå godkjent og sendt videre til godkjenning på et høyere nivå ved Stavanger universitetssjukehus. Vi er spente på resultatet.

– Det er uansett godt å vite at vi nå sender ut konsise, klare og korrekte brev som gjør at pasienter og pårørende føler seg ivaretatt. Kort sagt brev jeg hadde likt å få selv, konkluderer Lauvskar.



Tegning: Oddmunda Mikkelsen

Helsespråk i nord: humor som helsebot

I nord finner vi en gruppe helsearbeidere som mener at helseadministrasjon til dels skjemmes av «samhandlingsfokuset svadaspråk». Etter mønster av Språkrådets svadagenerator på www.klarspråk.no har de derfor laget en egen svadagenerator for samhandlingsreformens begreper. Generatoren produserer ubestridelige sannheter som *Forutsatt en kostnadseffektiv styringsinnsats maksimeres samhandlingspotensialet innenfor utfordringsrommet.*

til side 2 →

Om språkarbeid i staten på Språkdagen

Språkrådet har i år undersøkt korleis statsorgan arbeider med språk. Kven gjer kva, korleis gjer dei det, og kva haldningar har leiarar og tilsette i staten til språkarbeid? Resultata frå undersøkinga blir presenterte på Språkdagen 2012 i Oslo Konserthus 13. november.

Tospråkssituasjonen i Noreg og kva konsekvensar han kan ha for språkinnlæringa er òg undersøkt, og blir presentert. Det blir dessutan ein debatt om sidemålet i skulen.

Det blir lagt ut meir informasjon på nettsidene til Språkrådet.



Foto: Gorm Kallestad / Scanpix

Språkrådet

www.språkradet.no
www.sprakradet.no

- Aktuelt
- Ordbøker
- Råd om språk
- Fakta om norsk
- Lov og rett
- Andre språksider

OPPSLAGSTAVLA

Folk forstår helseorda ulikt


Ei undersøking som Nasjonalt kunnskapssenter for helsetjenesten la fram i juni, viser at folk forstår vanlege helseord ulikt. Senteret har undersøkt spørjeskjemaet som blodgivarar må fylle for å kunne gi blod. Funna viser at ord som *sjuk* og *frisk*, *medisin*, *alvorleg infeksjonssjukdom* og *legeundersøking* ikkje betyr heilt det same for alle blodgivarar. Dermed risikerer Blodbanken at spørjeskjemaet ikkje gir svar på dei viktige spørsmåla ein må stille før ein blodgivar får late blod. Forskar Johanne Kjøllesdal, som leia undersøkinga, rår helsepersonell til å teste ut korleis folk forstår spørsmåla før dei tek i bruk spørjeskjema eller brosjyrar. – Då kan vi hindre gale svar, understrekar ho.

Klarspråklig hestekur

Helseøkonomiforvaltningen (HELFO) ble en ytre etat under Helsedirektoratet i 2009. Dette satte i gang mange prosesser, også rent språklig. Det var viktig å bygge opp etatens identitet, og det meste av skriftlig informasjon måtte følgelig skrives om. *En språklig storrengjøring* kalte HELFO det selv, hestekur kaller vi det. HELFO gikk nemlig løs på den ene sjangeren etter den andre for å gi tekstene godt, klart og lett forståelig språk og brukervennlig struktur. Nå har etaten språklige retningslinjer for brev, vedtak, e-poster, nettekster, rapporter, rundskriv og stillingsannonser. Et eget e-læringskurs i å skrive godt og klart er snart på plass, og det nye saksbehandlingssystemet fylles gradvis med nyoverholte vedtaksmaler i begge målformer! Les mer på www.klarspråk.no.

Pasientar forstår ikkje sjukehusbrev

Mange pasientar forstår ikkje breva frå Oslo universitetssjukehus. Det kom fram i siste årsrapport fra Helse- og sosialombudet i Oslo. Til Aftenposten sa ombudet at problemet anten kan vere at breva ikkje gir nautsynt informasjon om pasientrettar, eller at breva kan vere så vanskelege at folk rett og slett ikkje skjønar kva som står i dei. Helse- og sosialdirektoratet stadfestar at mange pasientar har problem med breva dei får frå helseføretaka. Brevmalane vart reviderte i 2010, men gamle malar kan framleis vere i bruk somme stader.



→ Helsespråket ... fra side 1

For de som måtte stusse: En svadagenerator er en bevisstgjøringsmaskin. Hvis humor og selvironi kan bidra til klinkende klar pasientinformasjon fra landsdelen, lover vi å følge det opp i et senere nummer av Statsspråk.

Helsespråk i sør-øst: klare linjer

Mer samhandlingsreform. Det er ikke vanskelig å forstå at denne store helsereformen stiller store krav til informasjon som sendes pasienter og pårørende, og til kommunikasjon de ulike helseinstansene imellom.

Psykologspesialist Tor Erik Befring har ledet prosjektet «Koordinerte og gode interne behandlingsforløp» ved Sykehuset i Vestfold. En av oppgavene hans har vært å lage informasjon om ulike behandlingsforløp i det psykiske helsevernet. – Vi erfarte at noen pasienter syntes de fikk for lite informasjon om behandling og rettigheter, mens andre syntes de fikk for mye og uforståelig informasjon, forteller

Befring. – Dette skapte en uønsket stor avstand mellom pasient og sykehus.

Informasjonen om behandlingsforløpene har sykehuset redigert og samlet i såkalte behandlingslinjer, altså modeller som forklarer hva som skjer i hver fase i en behandling. – Med de nye behandlingslinjene kan vi tilpasse informasjonen til de ulike mottakergruppene våre, og folk kan velge hvor mye informasjon de vil ha, forklarer Befring. – I behandlingslinjene er det nemlig samlet informasjon til helsepersonell og til pasienter og pårørende. Språket i tekstene er forenklet, men like viktig er det at utdypende informasjon er tilgjengelig for pasienter og pårørende som ønsker det. – I selve skrivearbeidet var det lurt å bruke Språkrådets skriveråd og de språklige retningslinjene til Direktoratet for naturforvaltning, som vi fant i boka *Klar, men aldri ferdig*. Det ga oss en rettesnor som gjorde jobben enklere og språket mer konsekvent. Overfor fagmiljøene var det dessuten viktig å

kunne vise til andre etaters språkarbeid, slik det er presentert i boka.

Befring forteller at han også har skjelt til sykehusene i Østfold og Telemark når han har laget behandlingslinjene, og han oppfordrer selv til gjenbruk av sitt eget arbeid.

Boka *Klar, men aldri ferdig – en praktisk veileder i klarspråksarbeid* kan du laste ned eller bestille gratis på www.klarspråk.no

Det er altså ingen grunn til å dømme helsespråket nord og ned. Men helsesektoren har nok å stri med. Vi kan ikke dy oss for å sitere tidligere styreleder ved Oslo universitetssykehus, som slo fast at det hadde vært «en god diskusjon i styret knyttet til det mulighetsrommet som åpnet seg for Aker som en samhandlingsarena».

Margrethe Kvarenes

Klarspråksprisen 2012 – på tide å nominere!

De siste årene har både lek og lærd kunnet glede seg over økende interesse for klarspråksarbeid og et stort mangfold av språkforbedringstiltak. Snart skal vi igjen framheve de statsorganene som vi mener fortjener en påskjønnelse for sitt gode og brukervennlige språk i tekster til publikum. Den verdige vinneren blir hedret med den gjeve Klarspråksprisen.

Nå kan du foreslå kandidater. Fristen er 1. november. Les mer på www.klarspråk.no eller skriv til klarsprak@sprakradet.no.

Eit lite innføringskurs i mållova – del 7:

Mållova – nettsider

Internett er den viktigaste kommunikasjonskanalen frå statsorgan til publikum. Difor er det særleg viktig at både bokmål og nynorsk er godt representerte i både faste tekstar og nyheits saker på statlege nettstader – i tråd med vekslingskravet i mållova. Det er òg viktig at målbruken på nettsidene er i tråd med likeverdsprinsippa i lova. Såleis skal begge målformene alltid vere representerte på framsida av nettstaden, noko ei jamleg veksling i nyheits saker bidreg til.



Ny nynorsk rettskriving frå 2012

- Skiljet mellom hovudformer (læreboknormalen) og sideformer (klammeformer) er oppheva. Alle former er no jamstilte.
- Bøyingsverket er enklare enn før ved at fleire ord no kan bøyast på berre ein måte, og ein del former er tekne ut av rettskrivinga. I mange tilfelle blir valfridommen ståande.

LYDVERKET

Mykje av valfridommen blir ført vidare. Dels gjeld det ord som før hadde to hovudformer (*fyrst/først, skole/skule*), dels blir tidlegare sideformer jamstilte med hovudforma (*bytte [bøtte], enkje [enke]*). Det blir òg mange eineformer, ikkje minst for ord med diftong.

SUBSTANTIV

Hokjønnsord

Sideformene går ut. Sterke hokjønnsord skal ha bunden form eintal på *-a*: *skåla* (før også [*skåli*]), og svake hokjønnsord skal berre ha endingane *-er* og *-ene* i fleirtal. Sterke og svake hokjønnsord får no lik bøyning: *ei side – sida – sider – sidene*. Hokjønnsord som tradisjonelt har hatt fleirtal på *-ar* og *-ane* som hovudform og *-er* og *-ene* som sideform, får valfrie endingar: *elvar/elver – elvane/elvene*.

Hankjønnsord

For dei fleste hankjønnsord blir bøyinga uendra, med fleirtal *-ar* og *-ane*. Hankjønnsord som tradisjonelt har hatt fleirtal på *-er* og *-ene* som hovudform og *-ar* og *-ane* som sideform, får valfrie endingar: *gjester/gjestar – gjestene/gjestane*. Hankjønnsord på *-nad* og *-a* får òg fritt val i fleirtal: *søknader/søknadar – søknadene/søknadane*.

Inkjekjønnsord

Bunden form fleirtal skal berre ha endinga *-a*, mens sideforma går ut: *fjella* (før også [*fjelli*]). *Auge/auga, hjarte/hjarta* og *øyre/øyra* skal som før ha to bøyingsmønster: *eit auge/auga – auget/auga – auge/augo – auga/augo*.

ADJEKTIV

Adjektiv med ending på *-lig/-leg* får no *-leg* som eineform: *ein vanleg dag*.

Adjektiv med ending på *-et/-ete/-ut* skal no berre ha endinga *-ete*: *ei rutete skjorte*.

Adjektiv med ending på trykklett *-en* får denne bøyinga: *ein open port – ei open dør – eit open/opent hus – opne dører*.

Ny rettskriving – nytt nynorsk kurs

På nettstaden til Språkrådet ligg eit nytt kurs i nynorsk for skuleelevar. Det finst òg to øvingsrom med oppgåver i grammatikk og rettskriving: eitt for skuleelevar og eitt for offentleg tilsette. Innhaldet er tilpassa dei to målgruppene. Også andre vil ha nytte av kurset og øvingane.



Mange endringar for enkeltord er ikkje omtalte her, så det er viktig å ha oppdaterte ordbøker og ordlister. Nettutgåva av *Nynorskordboka* er oppdatert (www.nob-ordbok.uio.no). Innstillinga *Ny rettskriving for 2000-talet* inneheld alle endringar med bakgrunn og grunngeving og ligg på nettsidene til Språkrådet.

VERB

Sterke verb

Sterke verb får enklare bøyning ved at sideforma på *-er* i presens går ut og likeins supinum (forma etter *har*) på *-i*: *lese – les – las – har lese* (før: *lese – les [leser] – las – har lese/lesi*).

Svake verb

Alle a-verb har uendra bøyning: *hoste – hostar – hosta – har hosta*. Mange fleire av e-verba og j-verba får no berre éi bøyning:

Preteritum på *-te*: *delte, kjøpte, signaliserte*

Preteritum på *-de*: *arbeidde, bygde, sende*

Preteritum på valfritt *-de/-te*: *brende/brente, skremde/skremte*

Andre: *drøymde, høyrde, smurde (av smørje), talde (av telje)*

Perfektum partisipp

Perfektum partisipp skal bøyast i kjønn og tal når det står som eit adjektiv framfor eit substantiv: *ein lesen roman – ei lesen bok – eit lese brev – lesne dokument / ein nybygd villa – ei nybygd bu – eit nybygd/nybygt hus – nybygd hus*.

Når perfektum partisipp av sterke verb står etter verba *vere, verte* og *bli*, skal dei bøyast i samsvar med subjektet: *romanen/boka er lesen – brevet er lese – dokumenta er lesne*.


Perfektum partisipp av svake verb kan bøyast i predikativ stilling, eller dei kan stå ubøygd. Bøygde partisipp: *han/ho/det er lånt – dei er lånte / han/ho er nybygd – det er nybygd/nybygt – dei er nybygd*. Ubøygde partisipp: *han/ho/det/dei er lånt / nybygd/nybygt*.

PRONOMEN

Formene *hennar, deira, annan* og *nokon* blir eineformer, sideformene [*hennes*], [*deires*], [*annen*] og [*noen*] går ut. Pronomenet *han* skal vere både subjektsform og objektsform, objektsforma *honom* går ut. I andre person fleirtal kan vi som eit alternativ til *de* – *dykk* no bruke *dokker* som både subjekts- og objektsform: *Har dokker hugsa å ta med dokker sakene dokkar?*

Brosjyre om rettskrivinga

Språkrådet har laga ein informasjonsbrosjyre om den nye nynorskrettskrivinga. Her finn du ei rekkje eksempel og forklaringar på kva endringar som er gjorde, og her kan du lese meir om grunnlaget for normeringa og historia bak. Brosjyren ligg på nettstaden til Språkrådet.



SPRÅKTIPS



SPRÅKEGGET

Bidrag til denne spalten er verpet av skrivende mennesker i stat og presse.

Ingen livstruende funksjoner er skadet.

(En lege til NRK)

Mon tro om det er fungerende overlege som uttaler seg her?

Ordklekking

Du kom tilbake fra konferansen full av inspirasjon og leselyst. Dette gav mersmak! Den glinsende konferansemappa la du i bunken «Som jeg sannelig snart skal få sett nærmere på ved en passende anledning.»

Ved en langt senere anledning oppdager du mappa, matt, vindskeiv og uvedkommende i en bunke med gulnet papir. Hva kan vi kalle følelsen eller selve mappa? Send et ordforslag til stat@sprakradet.no. Skriv «Ordklekking» i emnefeltet.

MÅLTROSTEN

Somme og nokre

Somme tider høyrer vi frå byråkratar som skal skriva nynorsk, at dei saknar å kunna bruka *enkelte* for å omtala ei avgrensa mengd med ting eller personar i fleirtal: *Enkelte konferansedeltakere var nok mest interessert i buffeen.*

Rett nok kan ein skriva *enkelte* på nynorsk òg, men gjer ein det, går ein inn i det nynorske grenselandet. Det er fort gjort å ty til *nokre*: *nokre konferansedeltakarar*. Men det er ikkje tvil om at vi tapar ein nyanse ved å byta ut *enkelte* med det meir generelle og mindre individualiserande *nokre*.

Den mest mekaniske løysinga er å byta ut *enkelte* med *einskilde*. Men det finst ei betre løysing på problemet. Vi kan trygt bruka *somme* i nynorsk der det høver med *enkelte* i bokmål. Og vi i Språkrådet vil gjerne slå eit slag for *somme* i nynorsk. Skriv gjerne: *Somme konferansedeltakarar var nok mest interesserte i buffeen*. Vi kan òg skriva *Somme var ... eller somme av konferansedeltakarane*.

Ønskjer vi å variera ordbruken meir, er det heller ingenting i vegen for å bruka *visse* der det høver: *visse konferansedeltakarar*.

BOKFINKEN

Slåss eller sloss?

Mange snubler i bøyingsmønsteret når de skal beskrive hva som skjer når to eller flere barker sammen i nevekamp eller annen kamp. Hvordan bøyer vi verbet *slåss*? Det er enklere enn mange tror. *Slåss* (eg. *slåes* 'slå, banke hverandre') bøyes nemlig på akkurat samme måte som *slå*:

å slå – slår – slo – har slått

å slåss – slåss – sloss – har slåss

*Jeg ser at hundene slåss om kjøttbeinet.
Jeg så at hundene sloss om kjøttbeinet.
I mange år har jeg slåss mot overmakten.*

Anselig forskjell

Tre ord som ofte blandes sammen, er *anselig*, *uanselig* og *unnselig*. *Anselig* betyr 'betydelig', 'temmelig stor'. *Uanselig* betyr det motsatte av *anselig*, nemlig 'ubetydelig', 'lite iøynefallende'. *Unnselig* skrives med en u og betyr 'sjenert' eller 'beskjeden'. Pass på at du ikke forveksler *unnselig* med *uanselig*. Husk også at ingen av disse ordene skal skrives med mer enn én e!



Hummer og kanel – misforståtte uttrykk

«Gi etter» og «gi ved dørene»

En journalist som dekket en rettssak for en stor avis, skrev at tiltalte «ikke gav etter ved dørene», til tross for at han ble konfrontert med håndfaste bevis. Her blandet journalisten sammen to uttrykk: «gi etter» og «gi ved dørene». «Gi etter» betyr å svikte (om underlag eller lignende): *Brua gir etter*. Hvis en person gir etter, betyr det at han eller hun bøyer seg, viker. «Gi ved dørene» (overført betydning) vil si å gi noe gratis, gjøre innrømmelser. Tiltalte i denne saken ville ikke gi ved dørene, han ville altså ikke gjøre innrømmelser. (Om han senere gav etter, er en annen sak.)

DIKTET

Eit ord

Eit ord
– ein stein
i ei kald elv.
Ein stein til –
Eg lyt ha fleire steinar
skal eg koma yver.

Olav H. Hauge

Frå *Dikt i samling*,
Det Norske Samlaget, 1994



STATSPRÅK

Bladet for godt språk i staten

Adresse:
Språkrådet
Postboks 8107 Dep
0032 OSLO

Redaktør:
Torunn Reksten, stat@sprakradet.no

Abonnement og adresseendring:
bestilling@sprakradet.no

Utforming:
Marit Heggenhougen | cmkydesign.no
Trykk: Zoom Grafisk

Opplag: 17 500
Redaksjonen avslutta 31.8.2012

ISSN 0805-164X